



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2012

ÅRGANG 27

Vår i vente.....

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LAGET



DUGNAD PÅ NORDFJORD HYTTA 28-29. april  
NY FLAGGSTANG SKAL PÅ Plass

## Vår i vente...

Våren lurde oss litt i år, med ekstrem vårvarme i mars, og så tilbakeslag med både kulde og litt snø no i april. Men me innstiller oss på vår lell, og bur oss på både byggjedugnader oppå Pustut (vert kunngjorde seinare), dugnad og hyttehelg på Nordfjordhytta på Rykkin (sjå bak) – og Bygdelagsdag på Norsk folkemuseum søndag 3. juni, meir om det i neste nummer.

Laget heldt årsmøte 27. februar, med godt frammøte og aktiv deltaking i debattane om eit par av punkta på saklista, sjå ref. i dette bladet. Medlemspengane vart auka frå 300 til 350 kroner, framleis ingen stor sum når du nyttar deg av rabattane på lagstilskipingar som Klubbefesten, på hyttene våre og på Det Norske Teatret, Kaffistova, Bondeheimen, Hordaheimen i Bergen og på Heimen. Lista over tillitsvalde kan du lesa lenger bak i bladet.

Sogn og Fjordaneringen held dei vanlege øvingane og forkurs på tysdagane, og folkedansen på sundagane. Fyrste helga i mai dreg folk frå ringen og laget til Røros på vårdansen der, vel verd å oppleva! Og for det vert arbeidt med å finna eit høve til å gå på teater i laget sin regi.

Eller du kan slå lag med leiaren og Jens Brekke til Sivle-stemne på fjelltoppen Nordhue på Hedmarksvidda søndag 20. mai, ein fin dagstur med flotte natur- og kulturopplevingar. Kontakt meg på 47 33 18 64 eller [a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no) dersom du vil vera med.

### Hugs medlemspengane

Har du gløymt å betala medlemspengane, er det høve til det framleis; finn fram att giroen du fekk i mars eller bruk laget sin konto i nettbanken, 0531 27 71723, og merk betalinga med Medlemspengar 2012 og eige namn og adresse. Me oppmodar også folk om å senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjerings med e-post.

*Alv Reidar Dale*

Lagsleiar

## Dugnadshelg på Nordfjordhytta

Det vert dugnad på hytta helga 28. – 29. april. Vel møtt!

Helsing Dagfinn Aa

[dagfinn.aa@online.no](mailto:dagfinn.aa@online.no) - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)

## Rekeselskap på Nordfjordhytta

Vi inviterer til hyttehelg 19. – 20. mai med god mat og drikke og prat. Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden. Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

[astrid.gjorven@vikenfiber.no](mailto:astrid.gjorven@vikenfiber.no) - tlf. 22183295 (h), 98681829 (m)

[dagfinn.aa@online.no](mailto:dagfinn.aa@online.no) - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)

## Andreas Bjørkum 80 år

30. mars fylte ein stor heidersmann og trufast medlem i laget, han har gjort sin innsats tidvis i eit par mannsaldrar, 80 år og fekk blomar og gratulasjonar frå Sogn og Fjordanelaget!



## Sogn og Fjordaneringen

### Tur til Rørosleiken 4. - 6. mai 2012

Sogn og Fjordaneringen arrangerer tur til Rørosleiken, og invitere alle lag i BLS til å være med så langt plassene rekker. Program på <http://sognogfjordaneringen.no>

Vi leier buss. Kun busstransport (50 plasser): kr. 500/600 medl./ikke-medl. Komplet tur (dans, overnatting, transport): kr. 3000/3500 medl./ikke-medl.

Førstemann til mølla...

Påmelding til Axel tlf. 452 58 348, [axel.bugge1@gmail.com](mailto:axel.bugge1@gmail.com) .

### Program for resten av våren

24. april	tysdag	18:00-22:16	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
29. april	søndag	18:00-19:30	NB 22, Halli	Minikurs i <u>Bingsjøpolska</u>
29. april	søndag	17:30-23:00	NB 22, Storsalen	Arrangør folkedanskveld
4.-6. mai	fre-sønd.		Røros	<u>Rørosleiken</u>
8. mai	tysdag	18:00-22:17	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
15. mai	tysdag	18:00-22:18	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
		12:30-16:30	Bærum	<u>Dans på institusjonar</u>
17.mai	tysdag	18:14-20:12	Universitetsplassen	Brosteinsball
		20:00-	NB 22, Storsalen	Folkedanskveld
20. mai	søndag	18:00-19:30	NB 22, Halli	Minikurs i <u>Bodapolska</u>
20. mai	søndag	17:30-23:00	NB 22, Storsalen	Arrangør folkedanskveld
22. mai	tysdag	18:00-22:20	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
29. mai	tysdag	18:00-22:21	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
5. juni	tysdag	18:00-22:22	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>
12. juni	tysdag	18:00-22:23	NB 22, Storsalen	<u>Tysdagsdans</u>

---

# Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

27. februar 2012 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo

## **Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps**

14 medlemmer møtte.

Alv Reidar Dale ynskta vel møtt til møtet. Innkallinga vart samrøystes godkjend.

### Konstituering:

Ordstyrar: Alv Reidar Dale

Referent: Jofrid Holter

Protokollvitne: Tone Eid og Andor Gjelsvik

Teljekorps: Randi Solheim og Arnold Haukereid

**Vedtak:** Alle vart samrøystes valde.

## **Sak 2: Godkjenning av saklista**

**Vedtak:** Saklista vart godkjend utan merknader.

## **Sak 3: Årsmelding for 2011**

Alv Reidar Dale gjekk gjennom meldinga. Laget har fått 11 nye medlemmer siste året. Medlemstalet auka totalt med 3, frå 76 til 79 medlemmer.

Større saker som styret har arbeidd med, er opprusting av Sunnfjordhytta og den vidare drifta av Bygdslagshuset.

Hilmar Nummedal orienterte om kva avtaler som er gjort når det gjeld Bygdslagshuset. Det vert arbeidd med ei oppgradering av huset.

Presse- og PR-nemnda: Lagsavisa *Tre fjordar* vert no lagd ut som pdf-fil på laget si nettside. Det vart stilt spørsmål om avisa framleis skal sendast ut i papirform til alle. Hilmar Nummedal har vidareført nettsida.

Hyttestyret: Arbeidet med opprusting av Pustut vart meir omfattande enn ein rekna med og vil halde fram i 2012. Feiringa av Sunnfjordhytta sitt 50-årsjubileum er utsett til hausten 2012.

**Vedtak:** Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend utan merknader. Meldinga frå Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

## **Sak 4: Rekneskap for 2011**

Hilmar Nummedal la fram rekneskapen og svara på spørsmål. Neste år vil ein hente inn prisar på forsikring av lagshyttene med tanke på eventuelt skifte av selskap.

**Vedtak:** Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend. Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

## **Sak 5: Medlemspengar 2012**

Styret hadde gjort framlegg om auke av medlemspengane til: kr. 350,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born. På møtet vart det sett fram eit alternativ

*Medlemskontingenten for 2012: Vaksne 500,- kr., ungdom 250,- kr. og born 0 kr. Medlemmer som mottek informasjon frå laget elektronisk (e-post), får ein rabatt på kr. 100.*

*Ved tilskipingar i regi av laget der det vert teke inngangspengar/billett, skal medlemmer av laget få ein rabatt på minimum 15 % av fullpris.*

**Vedtak:** 13 røyster for styret sitt framlegg. 1 røyst for alternativt framlegg.

## **Sak 6: Arbeidsprogram og budsjett for 2012**

I tillegg til dei oppgåvene som er nemnde i årsmeldinga, skal styret/laget:

- arbeide vidare med medlemspengane og vurdere høgare innbetaling for dei som ikkje har e-post og difor ikkje kan få tilsendt informasjonen elektronisk.
- *Tre fjordar* skal frå hausten av sendast ut som vedlegg til e-post.
- Det skal opprettast ei jubileumsnemnd som skal førebu tilskipingar i samband med laga sine 100-årsjubileum.

### Budsjettet:

I høve til det framlagde budsjettet vart det gjort desse endringane:

Utgifter: Lagsavis/Faldar – endra frå kr. 10 000 til kr. 7 000

Samla resultat – endra frå –15 000 til –12 000.

Det kom framlegg om at eit eventuelt overskot skal avsetjast til 100-årsjubileet.

**Vedtak:** Det justerte arbeidsprogrammet og budsjettet vart samrøystes vedteke.

### ***Sak 7: Val***

Agnar Kvellestad la fram valnemnda sitt framlegg på tillitsvalde i 2012. Desse vart valde ved akklamasjon:

#### Styret

Leiar: Alv Reidar Dale (attval, 1 år)  
Styremedlem: Agnar Hegrenes (ikkje på val)  
Styremedlem: Anny Sollid (ikkje på val)  
Styremedlem: Hilmar Nummedal (attval, 2 år)  
Styremedlem: Jofrid Holter (attval, 2 år)  
1. varamedlem: Martha Reksten (attval)  
2. varamedlem: Tone Eid (ny)  
3. varamedlem: Berit Aamodt (ny)

#### Hyttestyret

Agnar Hegrenes (ikkje på val)  
Dagfinn Aa (ikkje på val)  
Andor Gjelsvik (attval, 2 år)  
Oddvar Bjordal (attval, 2 år)  
Jostein Bareksten (ny, 2 år)

#### PR- og pressenemnda

Agnar Kvellestad (attval, 2 år)  
Ragnvald Halset (ikkje på val)  
Elin Lovise Gjengedal (ny, 1 år)

#### Revisorar

Arne Kvamme (attval, 1 år)  
Ola Raftevoll (attval, 1 år)

#### Valnemnd

Agnar Kvellestad (attval)

#### Representasjon

Utsendingar og varafolk til årsmøtet i BLS: Alv Reidar Dale, Arnold Haukereid, Anny Sollid og Torkjell Sollid. Vara: 1. Tone Eid, 2. Agnar Hegrenes

Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid og Martha Reksten

#### Sogn og Fjordaneringen

Nytt styre valt på årsmøtet 24. januar vart godkjent.

  
Jofrid Holter  
Referent

  
Tone Eid  
Protokollvitne

  
Andor Gjelsvik  
Protokollvitne

#### **Sogn og Fjordanelaget i Oslo - Tillitsvalde 2011**

##### **Styret**

	Tlf. heime	Tlf. jobb
Leiar: Alv Reidar Dale, Edv. Griegs Alle 12, 0479 Oslo <a href="mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no">a.r.e.dale@admin.uio.no</a>	47331864	22856348
Nestleiar: Anny Sollid, Storeåsen 4A, 1257 Oslo <a href="mailto:anny.sollid@online.no">anny.sollid@online.no</a>	226 13 888	
Kasserar: Hilmar Nummedal, Helgesens gt. 84 F, 0563 Oslo <a href="mailto:hilmar@getmail.no">hilmar@getmail.no</a>	226 89 278 920 67 263	
Skrivar: Jofrid Holter, Michelets vei 40 C, 1368 Stabekk <a href="mailto:jofrid.holter@hioa.no">jofrid.holter@hioa.no</a>	97 59 15 42	22452628
Medlem: Agnar Hegrenes, Arn. Gellines v 31,0657 Oslo ( <a href="mailto:Agnar.Hegrenes@nilf.no">Agnar.Hegrenes@nilf.no</a> )	22193089 92 49 64 38	22367256
1. vara: Martha Reksten, Oppsal terrasse 2, 0686 Oslo <a href="mailto:mama-re@online.no">mama-re@online.no</a>	22275848 924 28 096	22697750
2. vara: Tone Eid, Vevelstadåsen 33, 1405 LANGHUS <a href="mailto:tonei@online.no">tonei@online.no</a>	648 69 966 911 77 264	
3. vara: Berit Aamodt, Holsteinveien 12, 0874 OSLO	22 23 65 25	

### **Hyttestyret**

Leiar: Agnar Hegrenes, Arnljot Gellines vei 31, 0657 OSLO 22193089 22367256  
[agnar.Hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.Hegrenes@nilf.no) 92 49 64 38

Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik, Grefsenveien 42 B, 0485 Oslo 219 20 205  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no) 915 51 058

Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa ([Daa@ssb.no](mailto:Daa@ssb.no)), Jørgen Moes vei 26,1476 Rasta 67906134 21094802  
Oddvar Bjordal, Sleiverudlia 30, 1354 Bærums Verk 678 00 496  
[odingbjo@online.no](mailto:odingbjo@online.no) 995 91 414  
Jostein Bareksten , Bølerlia 10, leil. 3409, 0691 Oslo 22445984 22 08 57 15  
[jobareks@tele2.no](mailto:jobareks@tele2.no)

### **Presse- og PR-nemnda**

Leiar: Agnar Kvellestad, Olaf Bulls Vei 14 C,0765 Oslo 22494596 90533696  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)  
Ragnvald Halset, [ragnvald@nyark.no](mailto:ragnvald@nyark.no) 99586790 99586790  
Elin Lovise Folven Gjengedal, Herumveien 32 B, 1430 Ås 64941194 64 96 55 33  
[elin.gjengedal@umb.no](mailto:elin.gjengedal@umb.no) 932 30 308

### **Styret i Sogn og Fjordaneringen**

Leiar: Anne-Lise Berggren, Hosletoppen 46, 1362 Hosle 67141195 67147350  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no) 952 92 930  
Nestleiar: Tone Eid, Vevelstadåsen 33, 1405 LANGHUS 648 69 966  
[tonei@online.no](mailto:tonei@online.no) 911 77 264  
Kasserar: Axel Bugge, Ravnkollbakken 85, 0971 Oslo 222 57 430  
[axel.bugge1@gmail.com](mailto:axel.bugge1@gmail.com)  
Skrivar: Åse Madsen, Åsenhagen 4 C, 2020 Skedsmokorset 638 79 645  
[Ase.madsen@vikenfiber.no](mailto:Ase.madsen@vikenfiber.no) 934 53 425  
Medlem: Bo Carlin, Strømsborgvn. 38A, 0287 Oslo 932 43 032  
[bo@carlin.no](mailto:bo@carlin.no)  
1. vara: Olav Kvam, Prof. Dahls gt. 48, 0260 Oslo 22 44 75 44  
[olav.kvam@gmail.no](mailto:olav.kvam@gmail.no) 958 80 499  
2. vara: Berit Aamodt, Holsteinveien 12, 0874 OSLO 22 23 65 25

### **Revisorar:**

Arne Kvamme, Krillåsveien 23, 1392 VETTRE 66903841 66841489  
Ola Raftevoll, 67 14 09 42



# - sameksistens

**Førde internasjonale folkemusikkfestival**

**5. – 8. juli 2012**

Under temaet Sameksistens ønskjer den 23. Førdefestivalen å vise korleis fredeleg samkvem mellom kulturar og folk påverkar musikk- og kulturtradisjonar på alle kontinent. Også i år er det eit omfattande programmet for festivalen, med over 80 arrangement på fire dagar. Festivalen er eitt av dei største fleirkulturelle arrangementa i landet. Aktuelle tema er

**Spansk flamenco møter indisk raga**

**Ukjend kultur for første gong i Norge**

**Norske namn i toppsjiktet**

**Nye produksjonar - nye konsertstader – nye opplevingar!**

**Festival for heile familien**

Les meir på <http://fordefestivalen.no/>



## PROGRAM FOR VÅREN 2012

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>.

- Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Siste gongen 12/6. Aktivitetskalender: <http://www.sognogfjordaneringen.no>
- Måndag 27/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget
- Helga 28-29/4 Dugnad på Nordfjordhytta
- Helga 4-6/5 Ringen på tur til Rørosleiken
- 17/5 Ringen dansar på institusjonar i Bærum
- Helga 19-20/5 Rekeselskap Nordfjordhytta
- Søndag 3/6 Bygdelagsstemnet 2012 på Norsk Folkemuseum, Bygdøy

### Andre datoar

27. juni – 1. juli Landskappleiken, Sel/Otta
5. – 8. juli Førde internasjonale folkemusikkfestival
6. – 10. juli Nordisk sommarleir
10. – 15. juli NORDLEIK i Steinkjer i Nord-Trøndelag. Fleire tilskippingar og meir detaljar på <http://folkedans.com/>.

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for stoff til den neste avisa er 15/5. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for ev. å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

---

Sender: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
Nordahl Brunsgate 22  
0165 Oslo

---

### STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)  
Kasserer: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRÉSSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)  
Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
Andor Gjelsvik  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)  
Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---